



Vegard spelar på Vangssago – kva blir det neste?

Sjølv om dette var den nest siste posten i eit tettpakka festivalprogram, møtte det fram rundt rekna 150 for å høyra Uskedalens svært lovande musikal Vegard Døssland på Vangssago i Rosendal i ettermiddag. -Eg hadde aldri trudd at det skulle koma så mange, sa uskedelingen opprømt etterpå.



Sindre Aksnes (nærmast) er ein lovande trommeslagar.

Publikum fekk full valuta for pengane, for 16-åringen, som veksla mellom trompet og flygelhorn, viste nok ein gong at han er eit kjempetalent.

Og trommeslagaren han hadde fått meg seg tåler snart den samme karakteristikken.

Det var ikkje mange feilslag å registrera av 14-åringen Sindre Aksnes, også han frå Uskedalen.

Med seg hadde gutane fått to botnsolide veteranar - Lars Storegjerde frå Løfallstrand på tangentar og Stein Haugen frå Rosendal på bass -og kvartetten sørga for ei timelang konsertpoppleving med både godt kjente og ikkje så godt kjente låtar. Det svinga verkeleg i og rundt den gamle saga denne sundagen og Vegard fortente den flom av gratulasjonar han vart utsett for etter sin førebels største musikalske utfordring. Etter ei stund med ståande trampeklapp måtte dei fire trå til med "Over the rainbow" som ekstranummer.

Nokre bommar vart det sjølvsgt undervegs, men etterkvart som dei 12 numra vart avvikla la Vegard for dagen aukande sjølvtilitt.

Han har ogdå ein god porsjon av det frå før – det er ikkje mange 16-åringar som vågar å invitera til eigen konsert og setta opp repertoaret sjølv! Neste gong han bed inn til konsert vil han sikkert også ha kome lenger i improvisasjonens kunst og utvikla seg med omsyn til "trøkk" og temperament.

Konserprogrammet var svært allsidig og skal ein trekke fram ein av "sviskene" som særleg satt som ein innertiar må det vera "Lullaby of Birdland" som avslutta programmet.

Ellers er det grunn til å setta utropsteikn ved to stykke som dirigent Reid Gilje hadde spesialarrangert for Vegard – "A child is born" og "Children of Sanches" som set store krav til utøvaren. Men dei krava innfridde han til fulle.

-Dette var kjempegøy, sa Vegard, som også var svært fornøgd med dei 3 han hadde med seg. Bassisten hadde han forresten ikkje øvd saman med for han vart engasjert i går!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



150 kom for å høyra trompet-talentet Vegard Døssland.